

Vedtekter Småkraftforeninga

Vedtatt 05.11.01, endra 17.03.10, sist endra 18.03.15.

§ 1 Foreninga

SMÅKRAFTFORENINGA er ei medlemsforening for norske produsentar av småskala fornybar energi.

Hovudfokus er på småskala vasskraftproduksjon.

§ 2 Definisjonar

Småskala kraftverk omfattar mikrokraftverk < 100 kW, minikraftverk 100-1000 kW og småkraftverk 1-10 MW.

§ 3 Lokalisering

Småkraftforeninga sin administrasjon og leiging er samlokalisert med Norskog i Oslo.

§ 4 Formål

SMÅKRAFTFORENINGA har til formål å:

- a. Samle alle som eig eller leiger: Småskala kraftverk, eller har dette under planlegging eller bygging, til næringspolitisk samarbeid.
- b. Fremje gode rammevilkår, samt sikre rettigheter for medlemane i samband med produksjon av kraft og naturlege biprodukt i småskala kraftverk.
- c. Leggje forholda til rette for god konkurranse i marknaden for konsulenthjelp, utstyr og tenester for dei som skal byggje og drive små kraftverk, og medverke til å skaffe medlemane gode avtalar i samband med bygging og drift av små kraftverk.
- d. Leggje til rette for skiping av medlemsbaserte lokallag i Småkraftforeninga. Styret skal godkjenne slike lag. Lokallaga må vere lojale og støtte opp om formålsparagrafen i Småkraftforeninga. Styret avgjer om dei skal få økonomisk tilskot. Lokallag har ikkje stemmerett på årsmøtet.

§ 5 Medlemskap

- a. Ordinært medlemskap i foreninga kan teiknast av privatpersonar, foretak og organisasjonar som eig eller leiger småskala kraftverk, eller har dette under planlegging eller bygging. Styret kan godkjenne medlemskap for kraftverk over 10 MW. Ordinært medlemskap gir stemme- og talerett på årsmøtet. Det er ei stemme per medlemsverk.
- b. Fallrettsmedlemskap kan teiknast av fallrettseigarar. Fallrettsmedlemskap gir talerett på årsmøtet.
- c. Privat medlemskap i foreninga kan teiknast av privatpersonar som ikkje eig eller leiger kraftverk, men som har interesse for småskala fornybar energiproduksjon. Privat medlemskap gir talerett på årsmøtet, men ikkje stemmerett.
- d. Støttemedlemskap kan teiknast av utstyrsløveandørar, konsulentar og andre juridiske personar og organisasjonar med interesse for småskala kraftproduksjon. Støttemedlemskap gir talerett, men ikkje stemmerett på årsmøter. Støttemedlemskap og vilkår for dette skal godkjennast av styret.
- e. Utmelding frå foreninga skal skje skriftleg og eigenhendig. Innbetalt kontingent eller andre bidrag kan ikkje krevjast tilbakebetalt.

§ 6 Medlemsavgift

Medlemsavgift vert bestemt av årsmøtet for dei ulike medlemskategoriane. Styret kan i særskilte tilfelle utøve skjønn og informasjon om dette skal vere tilgjengeleg for medlemmane. For å delta på årsmøtet må medlemsavgifta vere betalt.

§ 7 Firma

Firma vert teikna av styret i fellesskap. Prokura vert teikna av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap, eller den som styret gjev fullmakt.

Småkraftforeninga har fylgjande formelle organ:

- a. Årsmøte.
- b. Styre.
- c. Dagleg leiar.
- d. Faggrupper og arbeidsutval etter behov.
- e. Lokallag.

§ 8 Årsmøtet

- a. Årsmøtet er foreninga si høgste myndigheit. Årsmøtet er ope for alle medlemmar. Ordinært årsmøte skal haldast innan utgangen av april. Innkalling skjer ved styreleiar med minst 14 dagars skriftleg varsel til medlemmane. Valnemda foreslår møteleiar for årsmøtet. Møteleiar treng ikkje å vere medlem. Årsmøtet vel sjølv skrivar, samt to medlemmar utanom styret, til å skrive under møteboka saman med møteleiar.
- b. Medlem med stemmerett, som ikkje møter personleg kan gi fullmakt til anna medlem eller til funksjonær. Ingen kan representere meir enn to fullmaktar i tillegg til verk der ein er eigar, styremedlem eller ansatt. Alle vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastlagt. Står stemmetalet likt, avgjer styreleiar si stemme.
- c. Årsmøtet skal velje styre, valnemnd og revisor:
 1. Styret skal ha 6 medlemmar, derav leiar og nestleiar. Inntil to medlemmar i styret kan veljast eksternt. Styremedlemmane vert valt for 2 år, slik at 3 styremedlemmar er på val kvart år. Styreleiar og nestleiar vert valt for eitt år om gongen, av valte styremedlemmar. Det skal vidare veljast 3 varamedlemmar i nummerert rekkjefølgje til styret for eitt år.
 2. Valnemnda skal ha 3 medlemmar valt for 3 år. Eit medlem går ut kvart år. Den som sit tredje året er leiar av valnemnda. Fell nokon frå, kan styret nemne opp midlertidig medlem. Valnemnda skal kome med forslag til alle val på årsmøtet. Dei skal prøve å finne representasjon frå ulike medlemskategoriar, landsdelar og kjønn. Valnemnda kjem med forslag til styrets godtgjering.
- d. Forslag til saker på årsmøtet må vere sendt inn til dagleg leiar eller styreleiar før 1. februar.

Årsmøtet skal:

1. Godkjenne dei som har stemmerett og fullmakter.
2. Godkjenne innkalling og sakliste.
3. Godkjenne møteleiar.
4. Velje skrivar.
5. Velje to til å skrive under møteboka saman med møteleiar.
6. Godkjenne rekneskapen.
7. Godkjenne årsmeldinga.
8. Fastsetje medlemsavgifter etter forslag frå styret.
9. Fastsetje godtgjering til styret.
10. Behandle andre saker som er sett opp i møteinnkallinga.
11. Velje:
 - a. 3 styremedlemmar for 2 år om gongen.
 - b. Styreleiar for eitt år om gongen, valt mellom styremedlemmane.
 - c. Nestleiar for eitt år om gongen, valt mellom styremedlemmane.
 - d. 3 nummererte varamedlemmar for 1 år.
 - e. 1 nytt medlem til valkomiteen for 3 år.
 - f. Revisor. Styret legg fram forslag.

§ 9 Styret

Styret sine arbeidsoppgåver er å leie foreninga i samsvar med vedtekter og årsmøtevedtak, og gjeldande lover og forskrifter elles. Styret skal ved jamnlege møter fylgje drifta og fremje foreninga sine interesser og føremål. Styret tilset dagleg leiar. Anna personell vert tilsett av daglig leiar i samråd med styret.

For gyldig styrevedtak er det krav om at styreleiar eller nestleiar og minst 2 styrerepresentantar er frammøtt.

Alle vedtak vert fatta med simpelt fleirtal blant dei møtande. Står stemmetalet likt vert styreleiar si stemme avgjerande. Kwart enkelt styremedlem kan forlange at det vert halde styremøte. Styret kan opprette og leggje ned føremålstenlege arbeidsutval og rådgivande faggrupper etter behov.

§ 10 Dagleg leiar

Dagleg leiar arbeider etter instruks frå styret.

§ 11 Ekstraordinært årsmøte

Dersom styret åleine, eller 10 % av medlemmane krev det, skal det innkallast til ekstraordinært årsmøte. Det skal innkallast med minst 14 dagars varsel til kvart enkelt medlem. Dei sakene som skal handsamast må vere oppført i møteinnkallinga.

På ekstraordinært årsmøte har berre dei som har hatt eitt års medlemskap før dato for møtet stemmerett. Det må vere personleg frammøte, fullmakt vert ikkje godkjent.

§ 12 Vedtektsendringar

Forslag om endring av vedtektene må stå på saklista og sendast ut saman med den om det skal kunne handsamast på årsmøtet. For vedtektstendring er det krav om 2/3 fleirtal av avgitte stemmer.

§ 13 Oppløysing

Forslag om oppløysing av foreninga må vere skriftleg framlagt og kunngjerast saman med innkallinga til årsmøtet. Slikt forslag kan kun vedtakast med $\frac{3}{4}$ fleirtal av dei frammøtte. For å vere gyldig må det vedtakast på to ordinære årsmøte etter kvarandre. Fordelinga av foreninga sine aktiva skal gjerast etter innstilling frå styret og vedtakast på årsmøtet.

